

Rondane

AASMUND OLAVSSON VINJE

Den 30. juli i år var det hundreårsdag for Aasmund Olavsson Vinjes død, — denne twisyns-dikteren som opplevde land og folk og samtid så spenningsfylt. Sommeren 1860 skulle det være kroning i Trondheim, og Vinje gikk opp kroningsferden fra Christiania. Denne artikkelen, «Rondane er fra denne reisa.



RONDANE stod i hugen min heile vegen; eg såg frå topp til topp, og då eg spurde om ikkje det og det skulle vera Ronden, så fekk eg gjerne til svar: «Jau, han er rund denne.»

«Ja, det trur eg vel,» svara eg arg over all den fåkunna om landet, «det er rundt alt saman her.» Og visst er det, at eg ingen stad så greitt har sett som her at fjella er skavne og svarva runde av is og grotj og vatn, og det er greitt at den siste skuringsstraumen er kommen frå nordaust. Dette er synt både her og i Romsdalsfjella, som er runde og avskavne på den kanten, medan dei mot

vest ser ut som ein storkna sjø, eller rettare som dei toppar og tverrbårer som kjem fram i ei vassbytte, når du spenner på den eine trømmen. Derimot er det også mange stader rundt mot sør; men dette ser tids ut som ei eldre avskaving, og såleis torde det visa seg at denne franskmannen har rett som meinat at vatnet på jorda renn frå den eine jordenden til den andre kvart ti tusen år. No er den

største vassmengda ved sørpolen der det er kaldast, og ettersom isen smelter der, og det frys meir og meir ikring nordpolen, så bryt det ein gong laust (ikring seks tusen år til) og kjem som ei syndflod nord igjennom, likesom det siste før soretter med is og steinrås. — Dette vere no som det vil! men dei fleste jordkunnige trur av det dei ser, at fjella våre har stått under vatn og is og er svarva. Somme meiner at landet her hev seg opp, medan det sig ned på andre kanter, og at såleis jordskorpa går i bølgjer som isen på vatnet. Andre trur at vassmengda på jorda minkar, til jorda vert tørr og dør av elde, liksom hennar skapnader, såleis som vi menneske.

TIL LENGER EG kom nordetter mot Rondane, til høgre og digrare vart både fjellryggen og toppane. Då eg rodde nord igjennom Atnesjøen og såg «Svulten» og «Illmanshø» framføre meg, så tenkte eg: «Dette må vera Rondane,» endå eg tykte no at desse fjell og avgrunnar var for små til å vera noko så namngjeti stort.

«Å nei, du skal sjå noko anna,» sa roaren, «når du kjem nord i Atnedalen mellom Straumsbu og Stavsbuøy.» Illmannsdalen er ein dal nord igjennom denne sanne jötunheim, som visst har namnet sitt frå dei som var utlæge for drap og slike illgjerningar og som rømde hit for å vera tryggare mot forfølgnad. Her var stygt, og dette kunne gjerne heita Illmannsdalen berre for sin villskap. Der sat eg og sola meg etter eit herremåltid for seks skilling ute i tunet på Straumsbu og såg bort mot Illmannsdalen og liksom herdane til Rondane, som låg så nær meg og stakk så høgt opp at dei mest tok bort halve himmelen. Det var snøfanner og råser av styggeleg store urer og aur og sand og ikkje eit grønt strå. Sola skein mellom sky i strimer ned på desse barmane til Rondane som kvelvde seg mot sør og aust. Og så kom det tåkestriper, liksom Ronden skulle løyna barmen sin med eit kasteplagg, som med snippane tids nådde like til hofte og kne; så kunnee eg gløtta og sjå gjennom kasteplagget inn i «Langglupen» og Illmannsdalen, og så rulla det liksom silkefrynser nedetter sidene.

Der låg eg i tunet og røykte ein cigar og drøymde om skapinga av desse kjempeberg. Men eg fekk ikkje drøyma lenge, for eg måtte tala med to gudbrandsdølar som var komne austover fjellet og ville til Østerdalen i slåtten, etter at dei hadde slegi av småplassane sine heime. Dei gjekk med vidjer ikring skorne sine og stav i handa, rauder huver på hovudet og ein bakmeis på ryggen med litt niste og klede

på. Der råka eg liksom på gamle kjenningar, og vi røykte tobakk og lo og rødde. «De er komne lenger de enn eg, for de er gifte,» sa eg.

Når slike folk går ni, ti mil fram og likså langt attende og slit godt fem seks veker, så kjem dei heim etter til huset med ti tolv dalar. Derfor lo dei også, og var som eg morosame, når dei hadde fått seg mat og kveikt pipa si og låg i solbakken og tørka seg liksom sauен etter føremiddagsregnet gjennom Illmannsdalen.

GUDBRANDSDALEN har så god råd på folk at det er arbeidskarar og tenestejenter derifrå både i Østerdalen og Trøndelagen; og desse gudbrandsdalske folka merkjer seg ut ved sin vene skapnad for det meste. Det er visst det fagraste folkeferd i heile landet; og om den betre gudbrandsdalske jenta kan verta sagt som Michelet seier om den franske kvinnen, at ho er ei fødd dronning. Nedetter Mjøsbreddene, heilt på Totnsida, er det same folkeferd kjennande etter, endå dei fagre der er meir sjeldfengde. Kva kunne det ikkje verta gjort med dette folket! Eg skulle opplysa den halve jord med det, berre det var rikt nok, og eg fekk læra det opp som eg ville. — Eg såg panner som på Shakespeare og kjakar og heileskåler som på Napoleon. Frå Telemark skulle eg såleis t.d. forsyna den halve verda med diktatarar. — Han var stor og sterk og ven og klok den eine av desse gudbrandsdalske husmennene som låg og spøkte med meg i tunet, og eg baud han det eg ikkje vann eta opp av den rømmekoppen eg hadde kjøpt, og så ein cigar etterpå. Men så rødde vi også baketter med leikande lått og løye og skjemtande spott, slåande skåka og meinande merra. Så tagna vi imellom og såg bort i Illmannsdalen og Langglupen.

Eg lengta etter å sjå hovuda på Rondane. Det er tre, liksom på det grenske helhunden Kerberos, og det er Stor-Ronden aust lengst og Mellom-Ronden og Diger-Rond. Eg baud farvel til den snille kona på Straumsbu og dei flinke borna hennar som drog lauv ned ifrå buskane og inn under stabburet, og desse gudbrandsdalske husmenn. Så tok eg skreppa på ryggen og gjekk nord igjennom og såg Rond etter Rond og tenkte: nei, dette kan ikkje vera den rette Ronden. Med eitt reiste han sitt blåe hovud høgt over alle andre opp mot himmelen. Det er noko unemneleg med det som er stort; noko blått og himmelsk var ikring desse svarte fjellveggene, som eg stirte ende opp til. Det tok liksom og lyfte i meg, då eg såg Ronden straks

etter i kveldssøla med ein strålering mot den mørke himmelen som eit heilagt hovud på eit målarstykke.

SÅ GJEKK EG INNOM ein husmannsplass der tett innmed og råka på ein gammal reinsdyrskyttar, som hadde lesi meir enn folk flest av det slaget. Han fortalte at han hadde vori på Ronden då løytnant * * * mælte han, og ellers på sine skyttarferder. Vi såg på veret, og han meinte at han nok skulle følgja meg opp på neste dag; men veret var så ustøtt at tåke og vind og sky kunne koma på oss som or ein sekk, før vi visste av det, så eg måtte gjeva opp 'den kjære tanken å koma dit, og eg hadde ikkje tid til å bia. «Han er listig, Ronden,» sa mannen, «du kan tru at det er kar, når han rett kjem! Han kan vera så still og varm at du kan sova der oppe, og med eitt er det vind og snø så det er på livet.» «Han er liksom dei store gamle kongane,» sa eg, «som smiler i dag og i morgen tek livet ditt eller landlyser deg.» «Ja, nettopp slik er han,» sa den gamle. Så gjekk vi opp i bakken lenger og såg gjennom kikaren hans alle toppane bortetter på Mellom-Ronden og Diger-Ronden, som ligg vestetter som piggar imellom på ei hakkut egg i eit knivsblad. Så er det avgrunnar og liksom salar og støler etter jøtnar som har sett seg ned i berget og liksom trykt sete etter seg. Og så er det store råser og urer og snøfinner. Det var inkje under at dei gamle forfedrane våre sette dei vonde maktene til å bu i slike heimar. Men truleg er det at det gjekk såleis til, at desse eldre ibuarar av landet, dei store jøtnar, som Tor støtt og standig slost med, det er truleg at det gjekk desse som dei seinare illgjerningsmenn som tok til Illmannsdalen, at dei måtte rømma bort i slike avdaler og ifrå denne jøtunheimen sin kom fram i bygdene imellom for å få seg mat og klede til sitt arme liv. Og når då Tor som den sterkaste kjempekaren kom med folka sine bort i desse avdalar og avgrunnar og trilla stein på desse jøtnene, så var det då folketrua gjorde dette til det, at han slo ned fjell til urer med hamaren sin. Eg tyktest å sjå han Tor bort på Ronden med denne hamaren sin, som visst var därleg verje mot ei smiesleggje no. Der kunne det taka å rulla stein nedetter desse visst to tusen fot høge, slette fjellveggene; endå Tor våga seg visst ikkje så langt fram på bruna som desse engelskmennene av «Alpeklubben» no gjer. «Det er fæle karar til å våga seg, desse engelskmennene,» sa den gamle mannen min, «eg ville 123

ikkje gjeva fire skilling for livet mitt, når eg skulle våga meg så langt fram på glupen.»

BORT UNDER Diger-Rond er ei Dovre-seter, og det er truleg at det var finnen Svåse som åtte denne, og at det altså var der Snæfrid var seterjente, ho som Harald Hårfagre tok til kone og elskar så sart at han sat over henne fire år etter ho var daud. Hit opp på setra kom vel Harald som liten gut, då han vart oppføstra der i bygda; kanskje han også var Snæfrids fosterbror, for det var ein jötun som fostra han opp. Her låg då desse to ungmenne på setra og elskar under Rondane, så det måtte vera ein kjærleik som dauden sjølv ikkje kunne skilja. Og så kleiv visst Harald opp etter Ronden for å visa Snæfrid at han var kar. Men han var ingen slik fullgalning som guten i «Ørneredet», at han kleiv så langt at han datt ned og slo seg i knas og soll til redsle for Snæfrid og oss som skulle lesa om det. Nei, Harald var klok han, og den sanne dikting er også alltid klok, endå Snæfrid visst var redd, då Harald kom der langt opp i bergskortene, for han var ein vågen kar som vaksen, og modet stakk vel alt i gutungen. Å stå der tett inn under Store-Ronden, som er den høgste og brattaste der på nordvest-sida, er i sanning følt. Å stå innmed det største tårnet som inn-med Trondheims domkyrkje, er som å stella ein ørende liten dokkemann inn-med eit oppreist knivskhaft imot å stå her. Alt er audt og svart når det ikkje er snøfonn; og det er inkje under at bondefolket der ikring seier at der er stygt. «Du seier at Ronden er fager, du,» sa ei kone på Stavsbuøy til meg, «nei, stygg er han som den vonde sjølv, og når han kjem heim med sin snögufs og vind haust og vinter, så er her mest ikkje verande til for folk men troll.»

Denne kona likjest alle bondefolk, som finn det flate land fagert, og store fjell og djupe dalar og avgrunnar stygge, altså beint imot den neverande kunstmaken. Liksom bonden tenkjer no, tok også kunstmaken det ikring to hundre år sidan. Det er med kunstmaken som med skurden på kledom, at fjellbonden er ikring hundre år eller meir tilbake i tida, og om hundre år vil truleg han sitja med vår kunstsmak og kledebunad, medan byane og dei meir opplyste i landet er komne til ein annan synsmåte av tingene, anten det no er fram eller tilbake; frametter synest det ikkje vera, å finna fagrar ein avgrunn, ein kvass fjellpigg med snøfener og aude av-

dalar enn ei smilande engslett. Det er denne ville og sundslitne diktting som enno går att i målarstykkja etter at ho er døydd ut på papiret. Bonden finn fagert det som endefram er det; men gagnleg må det også vera: det må liksom vera mat i det attåt, for elles er det stygt i hans augo. Og derfor er det greitt at Ronden er stygg, for der veks knapt eit grønt strå. Han kan vel vera binsneleg å sjå på for ein gong skuld; men som dagleg granne er han ingen god mann. Og dersom våre kunstkjennarar skulle bu der innmed, så vart dei snart lei han og sa. «Nei for Guds skuld, gjev meg ein grasvoll, om han så er aldri så liten.»

MÅLARAR OG ANDRE folk som fer etter å sjå venleiken i landskapet, kan derfor vera visse på å finna noko stort og fagert for seg, når folket der ikring seier det er stygt. Rjukanfossen er såleis følt stygg, seier tinndølen, og han kan ikkje få i hovudet sitt at folk fer lang veg for å sjå han. Folk i Atnedalen tykte også at det var rart av meg som var så «triveleg», at eg kunne ha hug til å sjå slik styggedom som Rondane. Drivdalen var stygg, sa ein mann i Oppdal, og Romsdalen, var no det styggaste som til var, så mange derifrå. Og som sagt: til styggare heimefolket finn det, til fagrare vil målarar og slike folk finna det. Her var ein mann som kan vera ein mørstermann for venleikslæra; han heitte endå Olav. Han hadde bygt opp eit stabbur utanfor vindauge sitt og dermed skygt bort utsynet til vatnet og li og fjell:

«Det fagraste som til er, det er stabburet, for der er korn og mjøl og kjøt og flesk,» sa han, då presten skjemde på han for dette.

Det må eg seia her no reint og beint, at Rondane, så målande dei enn er, og Romsdalsfjella og Snøhetta og det eg har sett av Jotunfjella, så som Heidalsmugen, Lomsegga og Nautgardstind, er kvardagslege og klumpne og tunge mot den lette og yndefulle Gaukstod, som sit like fager og synleg frå alle sider med den kvitrandute kjolen sin i himmelblått og tvær foten sin i Rjukan. Det er same lengtande hugnad i henne som i dei telemarkske folkevisene, og derfor har også tungemålet gjort Gaukstod til eit kvendkjønnsord, medan Ronden er mannkjønn. Det er *ho* Gaukstad og *han* Ronden. Og visst er det at der ved Gaukstod er noko bølgjande mjukt og innsmeikande attått det drustelege, som gjer at auga kviler seg voggande på denne liksom sympande bølgja mot himmelen.